



Det er eit myldrande liv i Dønhaug Gardsbarnehage og atskillige nye liv kjem også til verda - til stor glede både for dei 22 ungane og dei som har ansvaret for dei.



Denne våren er det født rundt rekna 100 lam på garden og på biletet øverst held Pål Ingmar (6) ein av dei nyfødte. Eit spenningsmoment kvart år er om det lukkast å få kjuklingar til påske og i år må planleggjinga ha vore perfekt, for i dag kom den første kjuklingen ut av egget medan 2 til er undervegs. Fleire kjem etter kvart.

Hona ligg og rugar på biletet over og på det siste biletet står kvartetten Linnea (4), Viktoria (6), Sigrid (5) og Fredrik (6) fulle av forventning ved rugemaskina der den første kjuklingen kravlar rundt..

- Høyr, han syng allereie, var ein av kommentarane vi fanga opp.

(Foto: Sara Hjelmeland Arnesen og Ola Matti Mathisen)

